



Fornøgd saueveteran på Musland: Anders Kristoffersen

Far Anders og son Andreas Kristoffersen på Musland må registrerast som fornøgde sauebønder. 65-åringen er glad for at han får lov til å halda fram med det han har vigd livet sitt til og 35-åringen er ikkje mindre glad for at han får driva som nordsjørarbeider fordi faren tar dei tunge taka heime. Det er ein ideell tilpassing og akkurat i disse vekene fungerer han perfekt. Lamminga er i full gang medan Andreas er i Nordsjøen. Han satsar energisk også som bonde og har 140 vinterfora som mål.

- Førabels har vi fått ein fjordedel av dei 200 lamma vi ventar denne våren. Vi har no rundt 100 vinterfora sauer, fortel Anders under kveldstellet i det nyopprusta fjøset. Lamminga starta midt i månaden og sidan har det gått i eitt, natt som dag. Den startar noko seinare oppe under Nåsø enn nede mot fjorden. Anders kan summera opp at alt så langt har gått greitt utan komplikasjoinar. Han konstaterar ellers at sauebesetningane har vorte stadig større i dei seinare åra. No er det ikkje så mange som lenger har små flokkar.

TEKST, foto og nett: Ola Matti Mathisen